

Fra: Solheim Silje Aakre (saas@nve.no)

Sendt: 05.09.2014 09:36:15

Til: 'fmhopostmottak@fylkesmannen.no'; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; Masfjorden kommune

Kopi: Ottesen Bård Andreas Selstad; 'Friis, Anniken'; 'Sveinung Toft'; 'Trygve Riste'

Emne: Invitasjon til synfaring av Storelva kraftverk, Bjørnetjørni kraftverk og Sollielva kraftverk i Masfjorden kommune

Vedlegg: image001.gif

Hei,

Viser til melding om konsesjonspliktvrdering av Storelva kraftverk, Bjørnetjørni kraftverk og Sollielva kraftverk i Masfjorden kommune. Disse meldingane er tidlegare sendt dykk for uttale.

NVE planlegg å synfare desse prosjekta **onsdag 1.10.2014**. Vi håpar at kommune, fylkeskommunen og Fylkesmannen har anledning til å delta.

Oppmøte kl. 09.00 der vegen til Hopsdalen tar av frå E39. Vi startar med å synfare Storelva kraftverk, deretter Bjørnetjørni kraftverk og til slutt Sollielva kraftverk.

Føremålet med synfaringa er at NVE sine saksbehandlarar og høyringspartar skal sjå i praksis kva område som blir påverka og eventuelt kva problemstillingar dei omsøkte prosjekta medfører. Søkar og berørte partar skal få anledning til å gje uttrykk for sine synspunkt på staden.

Denne dagen skal vi rekke over 3 prosjekt. Vi prøver å klare det innanfor vanleg arbeidstid, men det kan skje at vi treng noko lenger tid.

Synfaringa skjer delvis i utmark så ta på eigna fottøy og niste.

Eg ber om tilbakemelding på kven som ønskjer å delta på synfaringa innan måndag 29. september til min e-post saas@nve.no eller tlf. 22 95 95 44 / 48 02 17 60.

Dersom nokon ønskjer å delta berre på Bjørnetjørni kraftverk eller Sollielva kraftverk er det fint om de gjev meg beskjed, så eg kan få gjeve nærare beskjed om tid og oppmøtestad.

Vi ber om at søkar kontaktar grunneigarar i området om den planlagde synfaringa.

Vennleg helsing

Silje Aakre Solheim

Rådgjevar

Seksjon for vassdragsinngrep

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Telefon: 22959544

E-post: : nve@nve.no eller direkte: saas@nve.no

web: www.nve.no



Tenk miljø - ikkje skriv ut denne e-posten med mindre det er naudsynt